



Claus Sellevoll
C/O Åge Sellevoll
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1845 - 18/20536

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:
25.06.2018

Landbrukssak GBNR 147/3 Sellevoll - Svar på søknad om tilskot til drenering

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om tilskot til drenering av tidlegare dyrka jord på gbnr 147/3 i Lindås kommune. Søknaden gjeld fulldyrka jord og det er planlagt 135meter med grøfter for å få drenert dette arealet.

Det vert elles vist til søknad datert 12.06.2018 og kart med grøfteplan i målestokk 1:1500.

Vurdering

Kommunen har behandla søknaden etter *Forskrift om tilskot i drenering av jordbruksjord* fastsett av Landbruksdepartementet 25.06.2013 med endring frå 01.07.2017.

Arealet er no vorte vassjuk mark som vanskeleg å hausta maskinelt og med grøfting vil ein i tillegg til å betra vilkåra for maskinell hausting betra jordkvaliteten for aukande avling. I Gårdskart Skog og landskap er arealet registrert som fulldyrka.

Utrekning av tilskot

Tilskotet til drenering av jordbruksjord, avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjer 2000 kroner pr dekar. Ved anna grøfting kan det vera gjeve 30 kroner pr løpemeter grøft berekna oppad til 2000 kroner /dekar. Berekna tilskot til under 3000 kroner pr søknad skal ikkje utbetalast.

Forholdet til kulturminner

Så langt vi har kunna undersøkje så vil tiltaket ikkje koma i konflikt eller ha verknad på registrerte kulturminne i området.

Dersom ein finn/avdekkar automatisk fredete kulturminner under dreneringsarbeidet, skal den som gjennomfører tiltaket stanse arbeidet og kontakte regional kulturminneforvaltning. Den som gjennomfører



tiltaket, er ansvarlig for eventuelle skader på kulturminner. Dette følger av bestemmelsene i kulturminneloven. Dette gjelder selv om kommunen har gitt tilsagn om tilskudd.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord § 1 og 4 vert det løyvd kroner 4050 til drenering på gbnr 147/3 på følgjande vilkår:

- Tilskotet kan verta trekt inn dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnad for ordninga jf. § 10, t.d. vesentleg skade på annan eigedom, biologisk mangfald, automatisk freda kulturminne, eller forureining.
- Innvilga tilskot vert utbetalt etter at tilskotsmottakar har dokumentert at tiltaket er gjennomført.
- Annmodning om utbetaling skal sendast kommunen
- Er tilskotet over 10.000 kroner kan ein gjera delutbetaling av inntil 75% av innvilga tilskot tilsvarande arbeid som er gjort.
- I søknad om sluttutbetaling skal det gjennom dokumentasjon syna at tiltaket er gjennomført. (rekneskap og timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpte materialar og gjerne foto-dokumentasjon)
- Kontonummer for utbetaling er: 3632.69.87631

Løyvinga er eit eingongstilskot.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl), jf. § 12 i forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Frist

Fristen for gjennomføringa av tiltaket er 3 år, jf. § 5 i forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Øystein Hafnor Kolstad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Landbrukssak GBNR 147/3 Sellevoll - Søknad om tilskot til drenering

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen

Mottakarar:

Claus Sellevoll

C/O Åge Sellevoll

5911

ALVERSUND